

**Sakshandsamar:**

Merete Farstad

E-post: Merete.Farstad@sfj.no

Tlf: 57 65 62 67

Vår ref.

Sak nr.: 12/317-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

1900/12

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 16.01.2012

Etter adresseliste

Oppgåver for vassområda i Sogn og Fjordane 2012

Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassregionmynde i vassregion Sogn og Fjordane. Dette inneber at fylkeskommunen skal koordinere arbeidet med å gjennomføre oppgåvene som følgjer av *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* – vassforskrifta jf. § 21. Vi ønskjer med dette å klargjera kva for oppgåver som er venta av dei dei lokale vassområdeutvala i 2012. Alle kommunane er representert i vassområdeutvala saman med regionale sektorstyresmaktar.

For meir utfyllande informasjon om mål, oppgåver og tidsfristar som følgjer av vassforskrifta viser vi til planprogrammet for vassregionen som ligg utlagd på www.vannportalen/sognogfjordane.

Prosjektleiing og organisering av vassområdeutval

Vassforskrifta har innført ein ny måte å tenke forvaltning på. Det er utvikla nye prinsipp for korleis vatnet vårt skal forvaltast. Den nye vassforvaltninga er heilskapleg og skal sjå på økosystemet og heile nedbørsfeltet. Den går på tvers av både fagområde og administrative grenser. Dette krev meir samarbeid enn tidligare i forvaltninga av vatnet. Vassregionmynda ser det som svært tenleg at det vert knytt ein prosjektleiing til kvart vassområde for å drive prosessen framover. Fylkeskommunen har avsett midlar det kan søkjast på til stillingar i vassområda for 2012. Søknadsskjema ligg vedlagd (vedlegg 1). Søknadsfristen er 10. februar 2012.

Mykje av planleggingsarbeidet relatert til vassforskrifta må forankrast og drivast fram av vassområda. Kommunane og andre aktørar har lokal kunnskap om tilstand og påverknader. Dei har og moglegheit til å utvikle gode lokale løysingar. Dei lokale vurderingane som vert gjort er svært viktige. Dette gjeld særleg å vurdere kva slags påverknader som er i dei ulike vassførekomstane. Kommunane og sektorstyresmaktar har ansvar for å skissere kva for tiltak som trengs for å nå miljømåla innanfor sine ansvarsområde. Ein regional plan for vassforvaltning vil bli vedteke i 2015. Arbeidet i vassområda vil vere eit verdfullt grunnlag for den regionale planen.

Lokal medverknad

Vassområdeutvalet har ansvar for å leggje til rette for lokal medverknad. Dette inneber m.a. å leggje til rette for lokale referansegrupper og arbeids-/temagrupper. Ved viktige milepelar bør vassområdeutvalet halde opne annonserte folkemøte og/eller andre opne prosessar som sikrar god og brei medverknad. Vassområda er store i Sogn og Fjordane. Dei er og oppdelte av fjordar. Dette skapar geografiske utfordringar som vassområdeutvalet må ta omsyn til.



Det bør etablerast rutinar for å ta vare på kunnskap og innspel som kjem fram på lokalt nivå, både frå kommunane og interessentar i område (lokale referansegrupper og liknande.).

Karakterisere og klassifisere vassførekomstane (vurdere tilstanden i vatnet)

Fylkesmannen har det miljøfaglege ansvaret for å vurdere tilstanden i vatnet dvs. å karakterisere og klassifisere vassførekomstane. Dei har ansvar for å koordinere og kvalitetssikre arbeidet. Dersom tilstanden er for dårleg, skal tiltak settast inn. Målet er at god tilstand i vassførekomsten vert nådd innan 2021. Alle registreringar vert gjort i databasane Vann-nett og Vannmiljø. Alle har høve til innsyn i desse databasane. Direkte tilbakemelding på den enkelte vassførekomst kan gjevast i vann-nett.

Vassområdeutvalet bør sjekke om alle påverknader, opplysningar og data er kome med, slik at tilstanden i vassførekomsten vert rett vurdert. Innan 15. mars bør tilstanden i vassførekomstane vere forankra i vassområdeutvalet. Framlegg til andre vurderingar må grunngjevast. Vertskommunen bør ha kontakt med fylkesmannen ved [John Anton Gladsø](#) for å få vite når Vann-nett er oppdatert for deira vassområde. Fylkesmannen kan etter ønske frå vertskommunane legge fram korleis tilstanden i vassførekomstane er vurdert. Dei kan og gi ei innføring i bruk av Vann – nett.

Forslaget til karakterisering og klassifisering av vassførekomstane vil bli forankra i vassregionutvalet i juni 2012. Innan 1. juli 2012 skal alle vassførekomstane vere karakterisert og analysert jf. vassforskrifta § 15.

Trendanalyse og Vesentlege spørsmål om vassforvaltning

Fylkeskommunen skal vurdere samfunnsutviklinga og påverknadstrender i åra fram mot 2021. Trendanalysen er eit grunnlag for å vurdere risiko for ikkje å nå miljømåla innan 2021.

Fylkeskommunen har ansvar for leggje dokumentet Vesentlege spørsmål om vassforvaltning i vassregion Sogn og Fjordane ut på høring innan 1. juli 2012. Dokumentet bygger på karakteriseringa av vassførekomstane og trendanalysen. Dei viktigaste utfordringane i vassmiljøet i kvart vassområdet og samla for heile regionen vil bli framstilt i dokumentet. Vesentlege brukarinteresser i vassområde og i vassregionen vil og bli omtalt. Brukarinteresser kan vere om vi kan drikke vatnet, kan bade, om kystvatnet er eigna til matproduksjon, jordvatning etc. Sjå vedlagde informasjonsark for meir informasjon. Informasjonsarket ligg utlagd på <http://www.vannportalen.no/hovedEnkel.aspx?m=62360>.

Innspel frå vassområdeutval til begge dokumenta må vere innkome seinast 15. mars til fylkeskommunen. Fylkeskommunen utarbeider så eit utkast til Trendsanalyse og Vesentlege spørsmål om vassforvaltning. Fylkeskommunen sender ut eit førebels utkast til dokument i april til vassområdeutvala. Ev. merknadar til utkasta frå vassområdeutvala må vere send fylkeskommunen seinast 15. mai.

Begge dokumenta vert forankra i vassregionutvalet 20. juni 2012. Vassforskrifta har fastsatt fristen for å ha utarbeida begge dokumenta til 1. juli 2012 jf. § 15 og 28.

Overvakingsprogram

Fylkesmannen har ansvar for å utarbeide eit overvakingsprogram for vassregionen. Overvakingsprogrammet skal liggje føre innan utgangen av 2012 jf. §18 i vassforskrifta. Vassregionutvalet vil handsama overvakingsprogrammet hausten 2012. Overvakingsprogrammet vil m.a. gi ein oversikt over:

- overvaking som skjer i dag
- planlagd overvaking fram til og med 2015
- kor det er behov for å overvake for å få eit grunnlag til å klassifisere vassførekomstane

Vassområdeutvalet gir innspel om pågåande overvaking i vassområdet og kva for området og parametrar som vil bli overvaka til og med 2015. Oversikta skal gjevast til fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen kjem med meir informasjon om dette ved eit seinare høve.

Register over beskytta område

Innan utgongen av 2012 skal det opprettast eit register over beskytta område jf. § 16 og i samsvar med vedlegg IV i vassforskrifta. Beskytta område i denne samanheng er t.d. område for uttak av drikkevatt. Vassområdeutvalet gir innspel til fylkeskommunen på beskytta område. Meir informasjon om dette kjem seinare.

Miljømål

Alle vassførekomstar skal i utgangspunktet ha *minst god økologisk status*¹. Sektorstyresmaktar, fylkeskommunar og kommunar har ansvar for å greie ut premissane for miljømål jf. § 22 i vassforskrifta. Vassførekomstane som bør ha andre miljømål må grunngjevast. Andre miljømål er t.d. mindre strenge miljømål, strengare miljømål eller utsett frist for å nå miljømåla. Grunngjevinga må vere i samsvar med vassforskrifta § 9, 10, 11 og 13.

Fylkeskommunen skal i samarbeid med vassregionutvalet utarbeide miljømål for den enkelte vassførekomst jf. § 24 i vassforskrifta.

Tiltaksanalyse for vassområdet

Vassområdeutvalet har hovudansvaret for å utarbeide ein tiltaksanalyse for vassområdet. Det er viktig at kommunane har eit eigarforhold til tiltaksanalysen for deira vassområde. Tiltaksanalysen skal samle opp alle forslag til tiltak frå kommunane og regionale sektorstyresmaktar. Tiltaksanalysen vil analysere kva for tiltak som skal til for å nå miljømålet for vassførekomsten. Dei mest kostnadseffektive kombinasjonane av tiltak vil bli prioritert. Ein eigen rettleiar er under utarbeiding. Rettleiaren er venta ferdig første halvår av 2012.

Kvar kommune, fylkeskommunar og sektorstyresmaktar har innanfor sine ansvarsområde ansvar for å greie ut forslag til tiltak jf. § 22 i vassforskrifta. Ein tiltaksanalyse skal utarbeidast for kvart vassområde. Tiltaksanalysane vil leggje grunnlaget for forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet for vassregionen. Tiltaksanalysen skal vere ferdig innan utgongen av 2013. Tiltaksanalysen er ein fagrapport og treng ikkje handsamast politisk i kommunane.

Scenariokonferanse

Det vert lagd opp til ein scenariokonferanse 9. mai på Skei. Konferansen vil sjå kva for trendar og viktigaste utfordringar vassregionen og dei einiskidle vassområda har fram mot 2021. Medlemar av vassregionutvalet og regional referansegruppe vert invitert.

Møteplan

Vedlagt ligg ein førebels oversikt over planlagde møte fram til 1.7.2012. I oversikta er det føreslege kva for veker vassområda bør halde møte. Tema som det er naturleg å drøfte på møta er og omtalt. Møteplanen vil kontinuerleg bli oppdatert på vannportalen.no/sognogfjordane.

Fristar 2012

Tabellen under viser kva for fristar kommunar, fylkeskommune og sektorstyresmaktar bør følgje for å nå fristane fastsatt i vassforskrifta. Vassforskrifta har frist til 1. juli 2012 for følgjande arbeid eller dokument:

- Karakterisere og analysere vassførekomstane
- Trendanalyse (økonomisk analyse)
- Vesentlege spørsmål om vassforvaltning.

	2012					
	15.feb	15.mar	15. april	15. mai	20. juni	1. juli
Karakterisering, analyse og risikovurdering	Vurdering til VOU	Forankring			Forankring	Frist
Trendanalyse (økonomisk analyse)		Innspel	Utkast	Forankring	Forankring	Frist
Høringsrapport Vesentlege spørsmål om vassforvaltning	Vurdering til VOU	Innspel	Utkast	Forankring	Forankring	Frist
		Innspel				

Vassområde-utval	Sektor-styresmakter	Fylkesmannen	Fylkeskommunen	Vassregion-utvalet	Regional referansegruppe
------------------	---------------------	--------------	----------------	--------------------	--------------------------

Oversikt over fristar fram til 1.7.2012 for vassregion Sogn og Fjordane vedteke av arbeidsutvalet (AU) 25.08.11. Kva for sektor/utval som har ansvaret for oppgåvene går fram av fargekodane under. VOU = vassområdeutval.

Arbeidet med overvakingsprogram og beskytta område vil hovudsakleg bli utført hausten 2012.

Rettleiarar

Rettleiarar for *Vesentlege vannforvaltningsspørsmål, Karakterisering og risikovurdering, Klassifisering av miljøtilstand i vann og Medverknad og samråd* ligg utlagd på <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=31151&amid=1657299>.

Lukke til med arbeidet i vassområda!

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Merete Farstad
seniorrådgjevar

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Søknadsskjema om midlar til prosjektleiar / drift av vassområda

Vedlegg 2 - Informasjonsark – Hvilke hovedutfordringer har vi – Vesentlege vannforvaltningsspørsmål

Vedlegg 3 - Førebels møteplan fram til 1.7.2012

Mottakar (ar)

Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
 Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
 Austrheim kommune Kommunehuset 5943 AUSTRHEIM
 Balestrand kommune Rådhuset 6899 BALESTRAND
 Bremanger kommune Postboks 104 6721 SVELGEN
 Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
 Fjaler kommune Postboks 54 6961 DALE I SUNNFJORD
 Flora kommune Postboks 13 6901 FLORØ
 Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
 Gaular Kommune 6973 SANDE I SUNNFJORD
 Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
 Gulen kommune 5966 EIVINDVIK
 Hemsedal kommune Kommunehuset 3560 HEMSEDAL
 Hol kommune Ålmannvegen 8 3576 HOL
 Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL
 Hyllestad kommune 6957 HYLLESTAD
 Høyanger kommune Postboks 159 6991 HØYANGER
 Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
 Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
 Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
 Lom kommune Midtgard 2686 LOM
 Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
 Lærdal kommune Postboks 83 6887 LÆRDAL
 Masfjorden kommune Kommunehuset 5981 MASFJORDNES
 Modalen kommune Postboks 44 5729 MODALEN
 Naustdal kommune Postboks 43 6806 NAUSTDAL
 Selje kommune 6740 SELJE
 Skjåk kommune 2690 SKJÅK
 Sogndal kommune Postboks 153 6851 SOGNDAL
 Solund kommune Postboks 73 6921 HARDBAKKE
 Stranda kommune Postboks 264 6201 STRANDA
 Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
 Ulvik kommune Skeiesvegen 3 5730 ULVIK
 Vaksdal kommune Konsul Jepsens gate 16 5722 DALEKVAM
 Vang kommune Lindalen 2975 VANG I VALDRES
 Vanylven kommune Rådhuset 6143 FISKÅBYGD
 Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
 Volda kommune Stormyra 2 6100 VOLDA
 Voss kommune Postboks 145 5701 VOSS
 Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY
 Ørsta kommune Dalevegen 6 6150 ØRSTA
 Ål kommune Torge 1 3570 ÅL
 Årdal kommune Postboks 40 6881 ÅRDALSTANGEN

Buskerud fylkeskommune Postboks 3563 3007 DRAMMEN
 Fiskeridirektoratet Region vest Gate 1 nr. 60 6700 MÅLØY
 Fylkesmannen i Buskerud Postboks 1604 Bedriftssenteret 3007 DRAMMEN
 Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN
 Fylkesmannen i Møre og Romsdal Julsundvegen 9 6412 MOLDE
 Fylkesmannen i Oppland Postboks 987 2626 LILLEHAMMER
 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
 Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Jernbaneverket Postboks 4350 Bedriftssenteret 2308 HAMAR
Kystverket Vest Flathauggata 12 5523 HAUGESUND
Mattilsynet Regionkontor for Hordaland og Sogn og Fjordane Rosenkrantzgaten 3 5003
BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 MOLDE
Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Vest Postboks 53 6801 FØRDE
Oppland fylkeskommune Postboks 988 2626 LILLEHAMMER
Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER